



Arkoconsult As  
Postboks 103  
5291 Valestrandfossen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/1841 - 23/19199

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
09.03.2023

## Løyve til seksjonering - gbnr 134/478 Hilland

**Administrativt vedtak: Saknr: 270/23**

### VEDTAK:

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 4 eigarseksjonar for gbnr 134/478, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-4 er fordelt på 2 vertikaldelte 2-mannsbustader og alle 4 bustadseksjonane har sameigebrøken- 1/4.

Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med delelinje midt i dei 2 vertikaldelte 2-mannsbustadane.

Utvendige bodar er ein del av hovuddel av seksjonane, då her er inngang også frå innsida av hovuddel.

Alt uteareal på eigedommen er fellesareal for begge seksjonane.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 134/478 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

### Saka gjeld

Kommunen har motteke søknad, datert 17.02.23, om seksjonering av eigedommen gbnr 134/478 med adressene Vardane 153,155,157,159.

På eigedommen er det gitt igangsetjingsløyve til oppføring av 2 vertikaldelte 2-mannsbustader. ( til saman 4 bueningar/ seksjonar)

## Vurdering

Søknad om seksjonering er innsendt i 3 eksemplar ( **det er nok med 2 eks.**) og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigedomsgrenser og plassering av seksjonane. Det er påført teksten fellesareal på uteområdet her.
- Planteikningar (4 vedlegg) av dei 2 vertikaldelt 2-mannsbustadane, 1. og 2. plan. Alle uteboder har inngang frå hovuddel og vert difor ein del av hovuddel.
- Vedtekter for Sameiet Vardane 153,155,157,159, gnr. 134 bnr 478, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Søknaden er sendt inn av Arkoconsult. Søknaden er signert av Arvid Rikstad for Bolig & Eiendom AS, som innsendar og som heimelshaver (har signaturrett) .
- Samtykke til seksjonering frå Weboppgjør AS, datert 07.03.23 er ettersendt.

Søknaden var ikkje fullstendig då den kom inn første gong 01.03.23. Det vart sendt ut mangelbrev 03.03.23. Nye teikningar og vedtekter vart mottatt 06.03. Det vart sendt inn samtykke til seksjonering frå Weboppgjør AS, som har tinglyst uråderett på denne eigedommen, datert 07.03.23

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

## Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar, etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming av seksjonering pkt 23. Tinglysingsgebyr kjem i tillegg.

## Regelverk

Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om seksjonering 134-478- godkjent  
Situasjonsplan - seksjonering 134-478  
A20-2 Plan 1. Etasje - S3 og S4\_2  
A20-1 Plan 1. Etasje - S1 og S2\_2  
A20-4 Plan 2. Etasje - S3 og S4\_2  
A20-3 Plan 2. Etasje - S1 og S2\_2  
Fullmakt  
Samtykke til tinglysning

**Mottakarar:**

Arkoconsult As

Postboks 103

5291

Valestrandsfossen